



Larsen og Solheim AS
Leiv Solheim

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3781 - 16/27687

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
05.10.2016

Løyve til endring av plassering av slukkevannskum - gbnr 99/27 og 31 Våge

Administrativt vedtak. Saknr: 485/16

Tiltakshavar: Jenfrid Jhr AS

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype: Søknad om endringsløyve, jf. pbl §§ 20-3 jf. 20-2

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av plassering av plassering av slukkevannskum

Det vert elles vist til søknad motteken 25.07.2016, og rammeløyve av 03.12.2015.

Uttale frå anna styresmakt

NGIB har gjeve muntleg uttale til søknaden.

Nabovarsel

Varsel er utelatt då arbeidet ikkje vil råka interessene til naboer og gjenbuarar.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 27.06.2016.

Statens vegvesen har gjeve dispensasjon frå slukkeum med ein avstand på 1,2 meter frå vegkant til nærmaste konstruksjonsdel på gnr. 99 bnr. 36.

VURDERING

Privatrettslege tilhøve

Statens vegvesen har som eigar av eigedom gnr. 99 bnr. 36 gjeve dispensasjon for plassering.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.



Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve endringsløyve for plassering av slukkevannskum på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 27.06.20016 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Koplingane i kummen må avklarast med brannvesenet. Dokumentasjon frå brannvesenet om at tiltaket stettar brannvesenets spesifikasjonskrav må ligge føre. Dokumentasjonen skal leggast ved søknad om ferdigattest.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 15/3781

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jenfrid Jhr AS

Troldhaugvegen 5232
53

PARADIS

Mottakarar:

Larsen og Solheim AS